

Oppdragsgjevar: **Vestland fylkeskommune**

Oppdragsnr.: **5204856** Dokumentnr.: **01**

Til: Vestland fylkeskommune ved Ingar Hals

Frå: Alv Terje Fotland

Dato 2021-03-05

► Naturverdiar Esefjord

I samband med utarbeiding av reguleringsplan for fv. 55 bru over Esefjorden har Norconsult AS fått i oppdrag å bidra med utgreiingar innan ulike fagområde, deriblant naturmangfald. Vurderinga skal ta utgangspunkt i kommunedelplan med konsekvensutgreiing utarbeidd i 2016. Endeleg utforming og plassering er ikkje fastsett.

Dette notatet gjeld oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for biologisk mangfald på land. Det er spesifisert i tilbodet at det skal gjerast registrering av sårbare artar og naturtypar, samt framande skadelege artar i tiltaksområdet på land. Notatet skal nyttast i det vidare arbeidet med verknadsvurdering når det endelege planforslaget ligg føre. I utgangspunktet skulle det avklarast om det skulle byggast ei rett bru eller ei bogebru over Esefjorden. Hausten 2020 er dette utvida til og å gjelde noko ulik bruplassering og vi er beden om å vurdere desse forslaga opp mot kvarandre.

Resultat frå konsekvensutgreiinga i 2016

I kommunedelplanen vart det vurdert to alternativ; alt. 1 og alt. 2 der alt. 1 er bru over Esefjorden medan alt. 2 er utbetring av vegen langs fjorden. I KU-rapporten heiter det at innafor influensområdet til alt. 1, bru over Esefjorden, ikkje er registrert viktige naturtypar på land. Raudlisteartane ask og alm finns i området. Det er også registrert raudlista fugl som ærfugl, storspove og fiskemåke. Artsførekomstane er samla gitt middels verdi, men er ikkje arealbestemt (avgrensa i kart). For influensområdet for alt. 2 har ein i tillegg teke med den store edellauvskogen nord for Esefjorden og store gamle tre langs gamlevegen gjennom Grøneng. Alle dei registrerte naturtypane er samla sett gitt stor verdi.

Konsekvens for naturtypar på land:

I KU vert det konkludert at bru over Esefjorden ikkje vil medføre arealbeslag i registrerte naturtypar på land. Liten verdi og ingen verknad gir ubetydeleg konsekvens for naturtypar på land.

Konsekvens for artsførekomstar:

Bru over Esefjorden vil i svært liten grad innskrenke områder som dei raudslita fugleartane bruker til næringssøk. Førekomstar av ask og alm kan gå tapt. Verknaden for artsførekomstar vert vurdert som liten negativ. Middels verdi og liten negativ verknad gir liten negativ konsekvens (-) for artsførekomstar.

I KU er det også ei vurdering av verdi og verknad for naturtypar i saltvatn, men det er ikkje tema i dette notatet. Det er ikkje gitt ein samla vurdering av konsekvens for naturmangfald. Det er konkludert med at brualternativet (alt. 1) har minst konflikt med naturtypelokalitetar og førekomst av alm og ask.

Som avbøtande tiltak er det vist til at ein i størst mogleg grad bør unngå arealbeslag i verdifulle naturtypar og hogst av alm og ask.


Kunnskapsgrunnlaget vart vurdert som «godt» for tema naturmangfald i kommunedelplanen.

Kunnskapsgrunnlaget er både kunnskap om artar sin bestandsituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand, samt effekten av påverknader inkludert. Naturmangfaldet er tilstrekkeleg kartlagt innafor tiltaksområdet, slik at føre-var-prinsippet» ikkje kjem til bruk i denne vurderinga.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01

Tiltaket i reguleringsplan:

Ved utgangen av 2020 hadde vi framfor oss fem ulike brualternativ. I januar 2021 er talet redusert til 4 og alt 2B er teke ut. Austre alternativ har kome til etter synfaringar i august, men er innanfor området som vart synfart.



Figur 1 Brualternativa over Esefjorden og området på land som er vurdert med omsyn til naturmangfald.

Synfaring og registreringsarbeid 2020

Tiltaksområdet vart synfart 25. august 2020 og dessutan besøkt i juli 2020. Det var fokus på dei areala som ut i frå vegskissene ville kunne verte råka av tiltaket. Naturtypar er vurdert med utgangspunkt i Direktoratet for naturforvaltning handbok 13 (DN13), vurdering av tilsvarende naturtypar like ved og supplert med informasjon frå historisk flyfoto frå 1972.

Tiltaksområdet ligg tett på ein større lokalitet med A-verdi svært viktig rik edellauskog (Tjugum, Naturbase-id: BN00015935) og sør for denne ein tredelt lokalitet med B-verdi (viktig) med «store gamle tre» (ask og alm) langs gamlevegen (Grøneng, Naturbase-id: BN00015931, reg. 2002) (sjå fig. 2). I lokalitet Grøneng er det registrert funn av soppen rustkjuke på alm som tidlegare låg inne på raudlista.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01




Figur 2 Utsnitt frå Naturbase.no viser viktige naturtypar som er registrert i området. Heile lia ovanfor Grøneng er registrert som svært viktig edellauvskog og det er registrert edellauvskog, dels med styvingstre, langs gamlevegen gjennom Grøneng. Område som er vist med pil er truleg feilplassert då det ikkje finns tre i dette området i dag eller på eldre flyfoto.

Når det gjeld kartlegging av raudlisteartar har det vore fokus på karplanter og vurdert potensial for funn av sårbare sopp- og lavartar. Det er ikkje gjort kartlegging av andre raudlisteartar innafor artsgrupper som fugl, insekt og pattedyr, noko som vil krevje fleire ressursar og som vil vere mindre relevant gitt tiltakets karakter. Det vert då vist til naturmangfaldlova §8 der det heiter at kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Det vert også vist til konsekvensutgreinga.

Det er gjort registrering av skadelege framandartar som del av synfaringa og det er i tillegg registreringar i artsdatabanken. Det er å merke seg at noko av planområdet ligg dels innafor private hagar der det er naturleg at det finns framandartar. Desse er ikkje undersøkt nærare. Det har vore fokus på å kartlegge skadelege framandartar med utgangspunkt i Statens vegvesen si prioriteringsliste over skadelege artar og i samband med dette er det registrert parkslirekne langs vegen på sørsida av Esefjorden og hagelupin på nordsida (sjå figur 3). Handsaming av framandartar i tiltaksområdet vert nærare spesifisert i plan for ytre miljø og vil ikkje vere relevant i verddivurderinga eller val av vegalternativ.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01



Figur 3 Registrerte framandartar med svært høg risiko i utgreiingsområdet. Parkslirekne er registrert i artsdatabanken.no langs vegen på sørsida av fjorden og hagelupin på nordsida av fjorden markert med svart punkt. Nye registreringar vist som raude punkt.

Biologisk mangfald i tiltaksområdet på nordsida av Esefjorden

Brua er planlagt kopla til eksisterande veg i strandsona nedanfor innmarka på garden Grøneng på nordsida av Esefjorden. Flyfoto frå 1972 viser at det var fruktdyrking som dominerte området den gongen. I vestre delar av området er frukttrøe no fjerna og det har seinare vore slått og beita, medan det i aust har vokse opp krattskog omkring nokre av frukttrøe som står att (sjå fig.3 og 7). Hovudvegen går tett på strandsona, dels på fylling og det er lite eller ingen vegetasjon mellom vegen og sjøen. Det er framleis ein askelund og noko styva tre nedanfor tunet på Grøneng, bruk 1 (sjå figur 5,6 og 7). Gjennom askelunden går ein liten bekk som er lite markert i lia nedanfor tunet og jordbotnen er blaut. Her er spor etter tidlegare bygningar og organisk avfall og det veks ein del stornesle som dels indikerer gjødsling. Området har kvalitetar som lauveng, hagemark og store gamle tre. Hagemark er definert som sårbar naturtype (VU), men beitetrykket er lågt. Det vert difor konkludert med at området tilsvarar naturtypelokalitetar like ved som er kategorisert som «store gamle trøe», men vurdert til C-verdi, lokalt viktig då ikkje alle trøe er så gamle og dei eldste trøe er hogd ut eller har rotvelta og er fjerna.

Mykje tyder på at det midtre området i lokalitet BN00015931 er noko feilplassert i kart i Naturbase.no og faktisk gjeld askelunden og styvingstrea mellom nyevegen og gamlevegen som omtalt, og som vist i figur 5.

Det er ved synfaringa ikkje gjort funn av andre raudlisteartar enn ask og alm innafor tiltaksområde på nordsida av Esefjorden. Det er heller ikkje gjort slike funn i næraste omgjevnader sett bort i frå eit funn av stortrollurt som er raudlista som sårbar (VU) og som er funne i edellauvskog i nærleiken i 1974.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01



Figur 4 Flyfoto som viser arealbruken ved gardane Grøneng t.v. og Gjerde t.h. i 1972.



Figur 5 Innmarka på Grøneng sett frå sørsida av fjorden i 2020. Askelund midt i biletet (gult) og styvingstrea til venstre for midten vist med pil. Dette er sannsynleg naturtypelokalitet med id:BN00015931, men som er registrert noko feil i kart.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01



Figur 6 Samling med styvingstre av ask og alm like ovanfor vegen ved Grøneng kan klassifiserast som naturtype gamle tre med lokal verdi.



Figur 7 Askelunden nedanfor tunet på Grøneng, bruk 1. Fleire av trea har kvalitetar som naturtypen store gamle tre med lokal verdi.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01



Figur 8 Området langs vegen aust i prosjektområdet, tilhørende garden Gjerde bruk 1. Pæretre til høyre i bildet og bringebær dominerer i busksjikt.

Biologisk mangfold i tiltaksområdet på sørsida av Esefjorden

Området for brufeste sør for Esefjorden ligg vest for Balestrand sentrum og er prega av ei bratt nordaustvendt li kor det er blandingsskog med noko planta gran, sjå figur 9 og 10. Noko eldre skog er avgrensa av ei høgspente line som ligg ovanfor og parallelt med vegen langs stranda. Det ligg eit smalt felt med relativt ung lauvskog mellom kraftline og veg, og mellom veg og sjø, sjå figur 11 og 13. Dei vestre delar har karakter av tidlegare beite som har grodd att. Skogen er dominert av gråor, rong, selje og bjørk, typisk for nordaustvendte lier. I aust er det planta gran heilt ned mot vegen.

Strandsona er for det meste bygd ut og privatisert med hagar, bryggjeanlegg og naust (fig. 12). I vest er strandsona dels svaberg og dels steinstrand (fig. 11). Under kraftlina som kryssar fjorden er skogen hogge ut heilt ned til vegen. Det er ikkje registrert område som kvalifiserer som viktige naturtypar innanfor tiltaksområdet. Her er heller ikkje gjort funn av raudlisteartar.

Vurdering av potensial for raudlista lav i området

Området er ikkje undersøkt i detalj for raudlista lav. Eksisterande informasjon i artsdatabanken viser at det i området kring Esefjorden på strekningen Balestrand-Ese-Dragsvik er registrert fleire vanlege lavartar opp gjennom tidene, men det er ikkje påvist raudlista lavartar. På synfaring vart det teke bilete av lavflora på tre i det aktuelle området, frå ask på nordsida og frå gråor og rogn på sørsida av fjorden. Biletmaterialet gir ifølge spesialist indikasjon på at dette er trivielle og til dels oseaniske artar. Belegg av artar frå området er ikkje undersøkt av spesialist.


5 km aust for tiltaksområdet på andre sida av utløpet av Fjærlandsfjorden på garden Vestrheim ligg den einaste kjende lokalitet i Norge for lavarten askeglye som er raudlista som kritisk truga (CR). Ein

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01

statusrapport vedr. arten blei utarbeidd i 2019 av Biofokus på oppdrag frå Fylkesmannen i Vestland. Arten blei då funnet på 16 asketrær 80-150 moh. Det blei gjort eit omfattande søk i nærliggande områder utan nye funn. Det er med andre ord ingen indikasjon på at arten også finnes i de sørvende liene i Esefjorden generelt eller i tiltaksområdet spesielt. Det er noko potensial for at artane kastanjejilflav (sårbar-VU), olivenfilflav og kystdoggnål (begge nær truga -NT) kan finnast i liene kring Esefjorden. Desse artane er funne i nærleiken aust for Fjærlandsfjorden og rett sør for Sognefjorden. Dei beste habitat ved Esefjorden vil likevel ligge i skogsliene ovanfor brufesta og utanfor tiltaksområdet. Størst potensial er knytt til askelunden med styva asketre ved Grøneng som allereide er gitt verdi utover det ordinære og dermed ikkje vere avgjerande for konfliktvurdering og rangering av alternativ.



Figur 9 Flyfoto frå 1972 som viser området sør for Esefjorden.



Figur 10 Området sør for Esefjord med omtalt lauskog midt i bildet.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01



Figur 11 Strandsona sør for Esefjorden med steinstrand og ung lauvskog i den vestre delen av synfart område (generelt mindre råka av utbygging i strandsona).



Figur 12 Austre del av strandsona med bryggjer og naust sett i retning Balestrand.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01

Verknadsvurdering

Det ligg føre fire ulike alternativ for bruframføring over Esefjorden. På sørsida er det ikkje vesentleg skilnad på alternativa då det ikkje er registrert naturkvalitetar utover det ordinære.

Alternativ 1A på nordsida av fjorden vil truleg unngå konflikt med styvingstre og askelunden og tilkomstvegen mot vest vil i stor grad følgjer eksisterande terreng utifrå tilgjengeleg teikningsmaterial (sjå figur 13). Tiltaket vil føre til noko konflikt sidan nokre av dei nedste trea truleg må fjernast og dermed føre ti noko negative verknader på naturverdiar.

Alternativ 1B og 1C vil medføre vesentlege inngrep i askelund og styvingstre og dessutan dårlegare tilpassa terreng med meir skjering enn i 1A ut i frå tilgjengeleg teikningsmaterial (sjå figur 14). Tiltaket slik det er vist vil difor ha størst konflikt og føre til negativ verknader på naturverdiar.

Alternativ 2C ligger lenger øst og unngår konflikt med askelund og styvingstre og vil ikkje ha noko negativ verknad på viktige naturverdiar (sjå figur 15).

Avbøtande/skadereduserande tiltak i alternativ 1A vil vere å flytte veglinja for tilkomstveg litt mot sør slik at ein unngår inngrep på nordsida av eksisterande veg i området kor askelunden ligg. I alternativ 1B/1C vil flytting av brua mot aust eller flytting av landkar litt ut i sjø føre til betre landskapstilpassing og samstundes redusert inngrep i askelunden.



Figur 13 Alternativ 1A vist i kart saman med registreringspunkt (vist med tresymbol) for styvingstre og store ask- og almetre i nærleiken.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01



Figur 14 Alternativ 1B og 1C har same utforming ved brufestet ved Grøneng. Tilkomstveg i vest og kryssplassering vist saman med registreringspunkt (vist med tresymbol) for styva tre og store ask- og almetre i området.




Figur 15 Alternativ 2C ligger lenger aust og unngår heilt askelund og styvingstre.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
 Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01

Tema	1A	1B	1C	2C
Naturverdier på land	Truleg må nokre av dei nedste trea i askelunden fjernast. Dette gjev noko negativ konsekvens for naturmangfald.	Tiltaket fører til at fleire av dei store trea i askelunden må fjernast. Dette gjev negativ konsekvens for naturmangfald.	Tiltaket fører til at fleire av dei store trea i askelunden må fjernast. Dette gjev negativ konsekvens for naturmangfald.	Unngår viktige naturverdier på begge sider av fjorden.
Rangering	2	3	3	1

Konklusjonen er at 2C er best og 1B/1C er dårlegast når det gjeld verknader på naturverdier på land. Ved å justere alternativ 1A og 1B/1C vil det vere mogleg å redusere konfliktnivå.



Figur 16 Alternativa som er vurdert vist saman med askelund.

Oppdragsgiver: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnr.: 5204856 Dokumentnr. 01



Figur 17 Nedre del av askelunden ovafor vegen ved Grøneng



Figur 18 Kraftgata der det ligg mykje hogstavfall og der nye lauvtre skyt opp.

D01	2021-03-05	Til godkjenning hos oppdragsgivar	ATFOT	LEMRA	SILSOL
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.